



Advokatfelleskapet Hæreide, Helland
Pb 594 Sentrum
5806 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1040 - 14/11611

Saksbehandlar:

Ingrid Moe

ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:

24.07.2014

Svar på Dykkar brev datert 18.07.14

Det vert vist til Dykkar brev datert 18.07.14 kor De ber om at «premissene om å ilegge dagmulkt bortfaller».

I brevet går det mellom anna fram ein påstand om at Meland kommune sitt vedtak om å avvise søknad ikkje inneheld paragrafar om dagsmulkt, og det blir stilt spørsmål til om Meland kommune har høve til å fastsette dagsmulkt utan at dette blir gjort gjennom eit enkelt vedtak.

Ulovlegheitssaka på gnr. 26 bnr. 27 har gått for seg over lang tid. I samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 32-2, vart det 02.05.2013 gjeve varsel om at kommunen med heimel i pbl § 32-3, vurderte å fatte vedtak med pålegg om retting. Neumann fekk høve til å gjere saka lovleg ved å tilbakeføre tiltaket innan 4 veker frå datoen i brevet.

Meland kommune mottok eit brev frå ny ansvarleg søkar, Multi Prosjekt team AS, innstempla 07.06.13. I brevet ble det bedt om utsatt frist for innsending av søknad til 30.06.13. Meland kommune gav fristforlenging til 30.06.2013 i brev datert 19.06.2013. Meland kommune mottok ikkje søknad om løyve til å leggje ut flytebyggje, og så det naudsynt å fatte vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt med mål om å få det ulovlege tilhøve i lovlege formar jfr. Pbl. §§ 32-3 1. ledd og 32-5 1. ledd 1. setning. Frist for å tilbakeføre flytebyggja/alternativt sende inn komplett søknad vart satt til 18.02.14. Fristen blei utvida ved e-post av 19.03.14 til 17.05.14, da Neumann hevda å ikkje ha mottatt vedtaket datert 11.12.13.

Neumann var inne på Meland kommune sitt kontor i midten av mai 2014, og fekk utlevert tidlegare dokument i saka. 20.05.14 mottok Meland kommune ein tidlegare innsendt søknad frå 2009 som blei avslått av Bergen og omland Havnevesen, og ikkje behandla av Meland kommune ettersom den ikkje var komplett. Berre dato på tidlegare søknad vart endra.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ettersom søknaden Meland kommune mottok ikkje var komplett, blei søknaden avvist i vedtak datert 25.06.14, i brevet vart det vist til at Pålegg om retting som tidlegare vart sendt ut, framleis gjaldt. Meininga var å informere om at vedtak om avvising av søknad ikkje endra realiteten i pålegget.

I det ovannemnde har Meland kommune synleggjort for Dykk at regelverket er følgt, og det er på det reine at Meland kommune har heimel til å krevje inn tvangsmulkt i denne saka. I framtida oppfordrar Meland kommune Dykk til å sette seg inn i sakshistorikken før De kjem med liknande påstandar.

Når det gjeld påstanden om at flytebyggja vart plassert på eit tidspunkt der flytebyggje ikkje var søknadspliktig, vil Meland kommune vise til brev frå Tom Neumann av 05.03.07 kor det går fram at flytebyggja vart plassert ca i 1993. I 1993 gjaldt Plan- og byggesakslova av 1985, kor plassering av flytebyggje vart søknadspliktig etter Pbl. § 93 første ledd bokstav a.

Meland kommune har plikt til å forfølge ulovlege tilhøve jfr. Pbl. § 32-1. Tvangsmulkt er eit verkemedel som blir brukt av kommunen for å få tiltakshavar til å oppfylle eit pålegg om retting, og er ikkje ein straff. Formålet med tvangsmulkt er at det skal virke som eit oppfyllellespress. Meland kommune har jobba med saka sidan 2007, og ser det naudsynt å nytte seg av tvangsmulkt for å presse tiltakshavar til å få tiltaket i lovlege formar. Vi informerer Dykk om at når det ulovlege forhold er retta, eller godkjent, kan kommunen nedsette eller fråfalle ilagt tvangsmulkt jfr. § 32-5 andre ledd siste setning.

Meland kommune er positiv til at De nå er engasjert for å sende inn søknad, og vi gjer derfor ny frist for innsending av komplett søknad til 01.09.14.

Vedlagt følgjer alle dokument i saka.

Med helsing

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

'tomneumann59@gmail.com'

Mottakere:

Advokatfelleskapet Hæreide,
Helland

Pb 594 Sentrum 5806

BERGEN